

# FILIORUMs ressursbank

## Fra forskning til praksis

**FILIORUM** Senter for  
barnehageforskning  
Universitetet i Stavanger

**UiS** Universitetet  
i Stavanger

### Sivilt mot i barnehagen

Barnehagelærarar står ofte i eit spenningsfelt mellom krav frå stat og eigalarar, og eigne faglege visjonar for barna. Med sivilt mot kan profesjonsutøvarar argumentere for andre perspektiv når det er nødvendig.

Publisert 30.07.2025  
[www.uis.no/filiorm](http://www.uis.no/filiorm)



Illustrert av Tilde Hoel Torkildsen

### Kvifor er dette viktig?

Det er viktig for barnehagelærarar å kunne navigere trygt mellom fridom og krav. På den måten kan dei bli medvitne om sitt eige pedagogiske grunnsyn slik at dei kan finne vegen til å gjere gode vurderingar og ta kvalifiserte val til det beste for barna.

Ressursen inneheld ein fagfilm som set søkerlys på korleis nye styringsformer kan ha påverka barnehagen sin politikk og korleis barnehagelærarar kan arbeide med si eiga danning og kritisk didaktiske refleksjon for barna sitt beste. Danning kan forståast på mange vis. I fagfilmen blir det brukt tre forklaringar inspirert av Wolfgang Klafki og Lars Løvlie: Sjølvbestemming, solidaritet og medråderett.

### Barnehagebasert kompetanseutvikling

**Mål:** Gjennom å bruke ressursen vil barnehagelærarar få erfaring med korleis dei kan drøfte politikk, verdiar og didaktikk i barnehagen.

**For kven:** Styrarar og barnehagelærarar, t.d. på eit leiarmøte.

**Anbefalt tidsbruk:** 30-45 minutt

**Tips til gjennomføring:**

1. Tenk gjennom dine eigne pedagogiske verdiar.
2. Sjå fagfilmen.
3. Diskuter refleksjonsspørsmåla i gruppa.
4. Jobb med barnehagen sin pedagogiske grunnverdi og visjon (sjå Vidare arbeid)



QR-kode til  
fagfilmen

## Sentrale element frå fagfilmen

- Studenttekstane peiker på to sentrale perspektiv: 1) eit behov og ønskje om å arbeide med utvikling av visjonar for barna og det pedagogiske arbeidet og 2) utfordringar knytt til auka krav om nye prosjekt og system som kjem utanfrå, og ikkje alltid er i tråd med eigne visjonar.
- Profesjonen blir utfordra på å utvikle sitt eige pedagogiske grunnsyn og bevisstheit om eiga danning (sjølvbestemming, solidaritet og medråderett).

## Spørsmål til refleksjon

- Diskuter danningsbegrepet: kva er danning utover læring?
- Drøft korleis danning blir uttrykt av dykk som er barnehagelærarar. Hugs på dei tre aspekta ved danning: *sjølvbestemming, solidaritet og medråderett* (Klafki, 2011).
- Korleis vil du som barnehagelærar involvere heile personalet i refleksjon omkring barnehagen sine verdiar og pedagogiske grunnsyn?
- Korleis vil du argumentere for barnehagen sitt arbeid med bakgrunn i eige verdisyn?
- Korleis balanserer du og dine kollegaer barnehagen sine verdiar opp imot pålegg frå stat og kommune?
- Kva konsekvensar kan nye styringsverktøy, prosessar eller pålegg få for din barnehage?
- Kven er det som vedtek endringar og nye føringar og kva kompetanse har dei inn mot barnehagefeltet?

## Vidare arbeid

**Individuelt:** Skriv ned dei verdiane du meiner har størst betydning for deg.

**Plenum:** Del synspunktene med resten av gruppa. Diskuter og bli einige om kva som kan vere barnehagen sin pedagogiske grunnverdi og visjon.

## Barnehageforskning frå FILIORUM

Denne ressursen frå FILIORUM - Senter for barnehageforskning bygg på resonnement frå følgjande vitskapelege essay:

Jernes, M. (2022). Sivilt mot: Perspektiver på utvikling i barnehagen. I M. Jernes og M. Alvestad (Red.), *Barnehageutvikling* (s. 109-119). Universitetsforlaget.



QR-kode til bok kapitelet

### Problemstilling:

- Kva kan vere bakgrunnen for samtida sine krav til utvikling, og korleis kan ein handtere dette i eigen profesjonsutøving?

## Fagleg ansvarleg

Margrethe Jernes, Institutt for barnehagelærarutdanning, UiS